

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-010	23/943

Saknr	Utval	Type	Dato
064/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Val av representant og vararepresentant til KS fylkesmøte

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

..... vert Masfjorden kommune sin representant til KS fylkesmøte

..... vert vararepresentant

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I KS sine vedtekter skal val til KS sine organ gjerast i det konstituerande kommunestyremøte.

I vedtektene § 12 går det fram at kommunar med inntil 5 000 innbyggjarar skal velje ein representant. Kommunen sin representant skal veljast blant dei faste kommunestyrerepresentantane. Denne vedtekta seier og at ordførar bør vere blant dei representantane som vert vald.

Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + to ekstra.

Fakta

Den innarbeidde tradisjonen i Masfjorden kommune er at det er ordførar som har vore kommunen sin representant til det årlege fylkesmøte i KS med varaordførar som vara.

Konklusjon

Kommunestyret - 064/2023

KS - behandling:

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram forslag om at ordførar Erlend Kvamdal (H) vert vald om Masfjorden kommune sin representant til KS fylkesmøte med varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) som vara.

Framlegg til vedtak frå Sp vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Ordførar Erlend Kvamsdal (H) vert Masfjorden kommune sin representant til KS fylkesmøte

Varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) vert vararepresentant